

Investeringsstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi

Søkjær	Prosjektnamn	Om prosjektet (ifølgje søkjær)	Totalte utgiftar	Omsøkt
1	Kvam herad	Kvammabadet KF	66 532 280	2 000 000
2	Austevoll kommune	Austevollbadet	83 861 558	2 000 000

Hardangerbadet skal verta eit unikt fullintegrert helse-, aktivitets- og velværesenter, eit fyrtårnprosjekt med både helsepark, bade- og symjeanlegg, hotell og visningssenter for laks. Trenings- og konkurransebasenget som det vert søkt om midlar til: 25mx12,5m. Djupna i bassenget varierer i frå 1,35 til 3,6m ved stupedelen. Symjeanlegget får 6 konkurransebaner med breidde på 2m pr bane. Det skal tilretteleggast for flyttbare eller utfellbare publikumstribunar i samband med konkurransar. Kvammabadet KF har samarbeidsavtale med Jondal kommune og er godkjend som eit interkommunalt anlegg. I uttale frå Hordaland svømmekrets; " Det er svært viktig at det finnes gode svømmeanlegg i nærområdet til områder med høy befolkningstetthet. I Kvam er det generelt liten aktivitet innen svømming og stup, noe som nok i stor grad kan tilskrives mangel på adekvate trenings- og konkurranseanlegg. Etablering av et konkurranseanlegg for svømming og stup vil på kort sikt kunne medføre oppblomstring av klubber innen begge idrettene, med de muligheter dette gir både for generell økt fysisk aktivitet og sterke fremtidige idrettsprestasjoner."

Badet vil innehalde konkurransebaseng og opplæringsbaseng med tilhøyrande garderobeanlegg og med tilskodarkapasitet på 210 plassar. Det vil også vera ein sosial del knyta anlegget. Austevollbadet kjem til å verta eit stort løft for symjetilbodet i kommunen, både for innbyggjarane og for symjeklubben som har vore under stor auke dei siste åra. Badet vil også vere viktig for Austevoll som ein del av idrettskretsen i Hordaland. Austevoll er ein bynær og relativt sentral kommune. Reisetida mellom Ado-arena i Bergen og Austevollbadet er ein dryg time, mens avstanden frå Flesland er enda kortare. Det er difor naturleg for oss å jobbe mot at dette anlegget skal bli ein del av det nasjonale konkurransemiljøet innan symjing. I uttale frå Norges svømmeforbund; "Austevolls nye anlegg på Storebø er et moderne konkurranse- og treningsanlegg vil være svært viktig for videre utvikling av svømmegruppa i Austevoll IL og for mosjonstilbudet og folkehelsearbeidet i Austevoll kommune."

3	Kvinnherad kommune	Idrettshall Husnes	<p>Husnes har eit stort og aktivt handballmiljø og den nye idrettshallen vert bygd med tanke på at ein skal ha høve til å arrangera nasjonale og internasjonale handballturneringar i hallen. Dette innebær:</p> <ul style="list-style-type: none"> ☑ Golv vert lagt inn ved kamp, underliggande golvkonstruksjon vert kombielastisk. ☑ Lys ihht. NS-EN 12193 ☑ Lydanlegg; Det vert lagt til rette for at lydanlegg ihht. krav kan monterast, men sjølv utstyret er ikkje del av totalentreprisen. ☑ Hall utstyres med stikk og til musikkanlegg og LED storskjermen og scoreboard/resultattavler. ☑ Kontor som kan nyttast som sekretariat ☑ Plass til 2000 tilskodarar ☑ Det leiges inn toalett ved større arrangement ☑ Liten kafeteria i idrettshall, stor kafeteria i nærleik. ☑ Ein av garderobeinngangane kan nyttast til VIP inngang, trapp opp til aktivitetssal som kan gjerast om til VIP restaurant/kafeteria ☑ Det er mogleg å køyra rundt heile hallen for levering av utstyr og som kan nyttast av lag-buss til å sleppe spelarar av ved inngang til garderobane. <p>I tillegg til dette skal idrettshallen innehalda m.a. eigen kampsport/aktivitetssal, medium basishall for turn og 13 m høg klatrevegg. Uttale frå Norges Håndballforbund Region Vest: "Tegninger av nytt idrettsanlegg på Husnes viser et anlegg som tilfredsstiller krav til nasjonale aktiviteter i form av topphåndball (eliteserien), samt øvrige nasjonale aktiviteter som NM spill for aldersbestemte klasser. Når det gjelder landskamper på seniornivå tilfredsstiller anlegget kravene som pr tid er gjeldende for enkelte privatlandskamper. NHF Region Vest ønsker et slikt anlegg velkommen i en del av regionen vår (Sunnhordland) som pr tid ikke har noen anlegg som er godkjent for verken topphåndball eller landslagshåndball."</p>	120 750 000	2 000 000
4	Sotra Sportsklubb	Turnhall Straume idrettspark	<p>Turnhallen vert bygd etter dei største tilrådde mål for denne type anlegg og vil innehalde plass, utstyr og fasilitetar for apparatturn, trossturn, dans og turn for personar med nedsett funksjon. Hallen sin samla areal er 3500 kvadr atmeter. I dette er det Turnhall 1300 kvadrat, aktivitetssal 180 kvadrat og dansesal 285 kvadrat. Aktivitetssalen vil bli spesielt innreda for personer med nedsett funksjon. Noen av tilpassingane er skinner i tak for forflytning og tilpassa apparater. Det blir bygd 200 tribuneplassar i tillegg til at det vert sett av plass til mobile tribunar som kan romme opp til 120 personar. Dette dekker krava heilt opp til nasjonale samlingar og regionale konkurransar, ref. uttale frå Norges Gymnastikk og Turnforbund. Turnutstyr tilpassa nasjonale og regionale samlingar og konkurransar krev t. d. ekstra festeanordningar og tilleggsutstyr og er svært kostnadskrevjande." Uttale frå Norges Gymnastikk- og Turnforbund: " Den nye hallen inneholder alle apparater for trossgymnastikk og apparatturn (turn kvinner og menn). På prinsipielt grunnlag kan vi uttale følgende når det gjelder samlinger og konkurranser: ☑ Hallen egner seg til samlinger innen apparatturn på regionalt og nasjonalt nivå. ☑ Hallen egner seg til samlinger innen trossgymnastikk på regionalt nivå. ☑ Hallen egner seg til konkurranser innen apparatturn og trossgymnastikk på regionalt nivå. Det vil kraves flere tilskuerplasser i nasjonale konkurranser, men da vil man eventuelt kunne flytte apparatene og benytte Sotra Arena som konkurransearena."</p>	90 150 000	2 000 000

Os kommune byggjer ny dobbel fleirbrukshall saman med eksisterande hall og Osbadet på Os idrettspark Kuventræ . Dei største kampsportgruppene i Os er Os Taekwon-do Klubb og Os Kubudokan Karate klubb. Karate klubben er ansvarleg for å halde regionale samlingar då initiativet og trenerkompetanse ligg til klubben. Dei var også arrangør av NM i Haukelandshallen i mars 2018. Klubben meiner at den nye hallen på Kuventræ vil føre til at dei kan arrangere regionale og nasjonale meisterskap i Os. Forskjell frå dei andre arenaene i Hordaland er at dei får 3 hallflater i same konsept. Ny dobbel hall kan vera kamparena med både tilskodare på tribune og i hall, samt at gamal hall kan fungere som oppvarmingsarena før konkurranse. Dei meiner og at store fellesareal, høve for å bade samt at det er nytt - gjer denne arenaen meir attraktiv for familiar å følgje sine utøvarar i meisterskap. Dobbelt hall og eksisterande hall vil også for handball, volleyball og andre hallidrettar få regional tyding. Ved å tilby tre hallflater under same tak kan ulike ballidrettar arrangere store turneringar. Uttale frå Kampsportforbundet: "For flere av kampsportforbundene vil det være aktuelt å bruke flerbrukshaller til nasjonale mesterskaper. Det er imidlertid behov for mye utstyr, spesielt matter ved mesterskaper. Dersom det ikke er noen klubber som skal ha sitt daglige virke i hallen fremstår det som omfattende å flytte matter til hallen. Det utelukker ikke bruk til mesterskaper. Med andre ord er standarden god nok til nasjonale mesterskaper såfremt den oppfyller kravene omfattet av V-0987 B for de enkelte idretten."

5 Os kommune

Dobbelt fleirbrukshall Kuventræ

50 000 000

2 000 000

Tilråding Grunngeving

Anlegget har ein godkjend spelemiddelsøknad, og dermed òg ein godkjend finansieringsplan. Den kommunale planen viser til eit behov for anlegget. Turnhall på Straume og dobbelthall på Os har alle betre uttale frå krins/forbund i høve til å kunne bli vertskap for nasjonale idrettsarrangement. Det interkommunale anlegget vil ha ein regional funksjon primært i høve til folkehelse, men har i hovudsak ein kommunal funksjon i høve til utviklinga av svømming og stup slik det går fram av Hordaland svømmekrets

Avslag sin uttale.

Anlegget har ein godkjend spelemiddelsøknad, og dermed òg ein godkjend finansieringsplan. Turnhall på Straume og dobbelthall på Os har alle betre uttale frå krins/forbund i høve til å kunne bli vertskap for nasjonale idrettsarrangement. I "Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune" viser ein til at anlegget kan ha ein regional verdi. Men anlegget vil primært ha ein viktig kommunal funksjon, slik det òg går fram av Norges

Avslag Svømmeforbund sin uttale.

Har ikkje sendt inn spelemiddelsøknad, og har heller ikkje ein godkjend finansieringsplan. I

"Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv" viser Kvinnherad kommune til behovet for fleire handballflater. Kvinnherad kommune har hatt eit nært samarbeid med NHF region vest for å få hallen tilpassa nasjonale eller internasjonale handballkampar. Dei har ein god uttale frå

Avslag region/forbund i høve til å vere vertskap for NM m.m.

Anlegget har ein godkjend spelemiddelsøknad, og dermed òg ein godkjend finansieringsplan. I

"Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018" viser ein til behovet for hall. Turn er ein av dei idrettane i Hordaland som har stort behov for fleire arenaer til trening og konkurransar, og turnhallen ved Sotra Arena blir eit viktig bidrag for vidareutvikling av turnsporten i Hordaland. Anlegget kan også nyttast til basistrening i andre idrettar, og er såleis eit godt supplement i ein allsidig anleggspark. Ei god uttale frå

1 000 000 Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

Anlegget har ein godkjend spelemiddelsøknad, og dermed òg ein godkjend finansieringsplan. I

"Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2013-2020" viser Os kommune til behovet for meir hallplass og eit ynskje om å kunne leggje til rette for nye aktivitetar. Os Kobudokan Karate klubb har arrangert NM i Haukelandshallen i 2018 og 2015. Dei vil gjerne påta seg NM i hallen på Kuventræ.

Uttale frå særforbund litt vag, men dette er på same 1 000 000 måten som dei har gjort med NM i 2018 og 2015.

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Kvinnherad kommune	Idrettshall på Husnes	700 000
2	Sotra sportsklubb	Turnhall	650 000
3	Os kommune	Kuventræ dobbel fleirbrukshall	650 000
4	Austevoll kommune	Austevollbadet	Avslag
5	Kvam herad	Kvammabadet	Avslag

2 000 000